

**OPO – Organisasjonen
mot politisk overvåking**
Postboks 628 Sentrum
0106 Oslo
Bankgiro 0537.51.98403
<http://home.no.net/overvak/>



Medlemsbulletin nr. 3/2003

- Leder
- Åpent møte om NOU 2003:18 Om Rikets sikkerhet
- Møtet om ”Ytringsfrihet og overvåking i en terrortid” – referat
- Send inn kopi av mappa di til Riksarkivet
- Ulovlig overvåking – aksjon for krav om unnskyldning
- Årsmøte
- Årsmelding
- Avisutklipp

Oppfordring til alle med e-postadresse:

Send den til OPO v/
wenche@skrift.no

Det vil lette arbeid og kommunikasjon mellom styre og medlemmene enormt.

Spesiell oppfordring til medlemmer i Osloområdet:
Møt opp på vårt åpne høringsseminar om
NOU 2003: 18: *Rikets sikkerhet*
mandag 5. januar 2004 kl. 14 – 16
i rom 770, Domus Nova 7. etasje

”Terrorist” betyr det same i 2003 som ”kommunist” i 1950.

Storparten av 29. november var dagsnyttssendingane på NRK prega av meldinga om at *Innsynsutvalet* har trekt den slutninga at det er nødvendig med ei varig innsynslov. Det er tydeleg at det dei har fått sjå, har gjort inntrykk på sorenskrivar Anne Marie Stoltz og dei andre i innsynsutvalet. Dei personane som regjeringa peika ut til å avgjere søknadene om innsyn etter ”*Midlertidig lov om begrenset innsyn i overvåkingspolitietts arkiver og registre*”, har trekt ein lærdom av det dei har sett, som går politisk på tvers av det som er standpunktet til regjering og stortingsfleirtal. Snau to veker seinare kom meldinga om at sorenskrivar Stoltz har bede om å bli fritatt frå vervet som leiar av Innsynsutvalet frå årsskiftet. Regjeringa har utnemnt tingrettsdomar Randi Carlstedt til å ta over vervet.

Medlemmane i *Innsynsutvalet* har fått sjå mykje meire enn det dei har lov å fortelje om. Unntaka i lova er slik at utvalet *skal* nekte innsyn i mange saker der enkeltmenneske har vorti utsett for omfattande overvaking sjølv om vedkomande aldri har gjort noko ulovleg. Lova pålegg *Innsynsutvalet* å nekte innsyn bl.a. for mange som har drivi solidaritetsarbeid for palestinarane og den palestinske frigjeringskampen.

Nettopp fordi lova er slik, var det ei viktig politisk melding at *Innsynsutvalet* gjekk ut med det standpunktet dei la fram 29. november. Framtida vise om den nyutnemnde utvalsleiaren har same syn. I OPO kan vi berre brette opp armene og bu oss på å fortsetje den politiske kampen for ei *verkeleg* innsynslov.

Samtidig arbeider regjeringa med nye lovreglar som er særskild innretta mot dei som driv internasjonalt solidaritetsarbeid og mot innvandrara og flykningar som stør dei som slåst for frigjerings og demokratiske rettigheter i det landet dei kom frå. Dette blir eit gjennomgangstema når justisminister Odd Einar Dørum (V) etter kvart legg fram forslag til ny lovgiving bygd på den utgreiinga om *Rikets Sikkerhet* som no er ute til høyring. Regjeringa synst ikkje det er nok at Stortinget, med 11. september 2001 som påskott, har innført 10 års straff for dei som samlar inn pengar til organisasjonar som fell innfor det nye ”terrorist”-begrepet.

Dei som vil slå opp i lova som vart vedtatt i juni 2002, skal lese straffelovas nye § 147 b: ”*Med fengsel inntil 10 år straffes den som fremskaffer eller samler inn penger eller andre formuesgoder, med det forsett at formuesgodene helt eller delvis skal finansiere terrorhandlinger eller andre overtredelser av § 147 a.*” Mykje av det økonomiske støtpearbeidet som tidlegare norske regjeringar dreiv overfor dei som slost mot apartheidregimet i Sør-Afrika, ville ha kvalifisert til straff etter denne paragrafen.

Det er mange oppgåver OPO må ta fatt i. *Ei* av oppgåvene i 2004 blir å vere med å byggje opp ein brei motstandsfront mot dei lovendingane som kjem til å bli lansert i etterkant av utgreiinga om *Rikets sikkerhet*.

Sjølve begrepet ”Rikets sikkerhet” skal utvidast. Slik at det for eksempel blir muleg å kriminalisere pengeinnsamling til helsearbeid blant dei som slåst mot eit av dei undertrykkjarregima som er alliert med USA og Norge.

For 55 år sia la *Krigslovutvalget* fram førsteutkastet til det som i 1950 vart «*Lov om særlege åtgjerder under krig, krigsfare og lignende forhold*», ei lov som på folkemunne vart kalla ”Unntakslova” eller ”Beredskapslova”. Den gongen var det og bruk for å gi gamle begrep nytt innhald, i tråd med politiske ønskje frå dei politiske lærermeistrane i Washington. Daverande Ap-regjering, som var godt nøgd med jobben som Krigslovutvalet hadde gjort, understreka at det måtte vere elastiske vilkår for å bruke den nye unntakslova:

«*Rikets sikkerhet eller selvstendighet kan nemlig bli truet av andre grunner enn krig (utheva av regjeringa), truende krigsfare eller fiendtligheter mellom fremmede stater. Under en situasjon med sterk utenrikspolitisk spenning vil således indre uroligheter kunne bety en overhengende fare for rikets sikkerhet selv om det i øyeblikket ikke kan påvises at det foreligger krigsfare for Norge.*»¹

Den gongen var det ”kommunist” som vart det samlande skjellsordet for å stemple ein brei demokratisk opposisjon. Dei som har følgd den offentlege debatten siste to åra, veit at justisminister Odd Einar Dørum (V), statsminister Kjell Magne Bondevik (Krf) og mange fleire, synst det er mest formålstenleg å bruke skjellsordet ”terrorist”.

Men det politiske innhaldet har ikkje endra seg stort.

¹ Odelstingsproposisjon nr. 78 (1950), side 20

ÅPENT MØTE

I samarbeid med OPO –
Organisasjonen mot politisk overvåking –
inviterer
Institutt for kriminologi og rettssosiologi
til høringsseminar

mandag 5. januar 2004 kl. 14 – 16
i rom 770, Domus Nova 7. etasje²

om
NOU 2003: 18: *Rikets sikkerhet*

Innledere:

Professor Thomas Mathiesen, IKRS:

”Erfaringer fra terrorisme-debatten i Europa”

Førsteamanuensis Vidar Halvorsen, IKRS:

”Erfaringer fra Lund-kommisjonens arbeid”

For mer informasjon

kontakt Helene O. Gundhus, 22850135

² Der Oslo Helseråd holdt til i gamle dager

YTRINGSFRIHET OG OVERVÅKING I EN TERRORFIKSERT TID

Referat fra møtet 22. september 2003, *Magnhild Folkvord*

Ei permanent innsynslov ville vera eit framsteg, men kan vi tru på at dette feltet let seg lovergulera, spør forfattere Einar Økland.

Moderne datateknologi, jus, politikk og forfatterskap gav ulike innfallsvinklar til temaet overvaking og ytringsfridom på møtet som Organisasjonen mot politisk overvaking arrangerte i lag med Forfattersenteret sist måndag.

Per Inge Østmoen frå Elektronisk forpost i Norge (EFN) åtvara på det sterkast mot den overvakinga som ligg i lagring av elektroniske trafikkdata, det vil seia dei elektroniske spora vi legg att etter oss når vi bruker epost, internett og telefon.

Økokrim er ein pådrivar for overvaking av elektroniske data, alt for to år sia vart det reist framlegg frå Økokrim om at alle telefonioperatørar skal påleggjast å lagra slike data i minst eitt år. Eitt slikt løyve vil i praksis seia at slike data kan bli lagra utan noka tidsavgrensing. Overvakinga har sin eigen logikk, ein kan aldri vita kva som kan bli vurdert som suspekt, seier Østmoen, og understrekar at den generelle overvakinga av vanleg folks datatrafikk er noko heilt anna enn dei tiltaka det kan vera vettugt å gjera for å forhindre kriminalitet.

Stripa fem gonger

Berit Ås kunne supplera med eigne erfaringar med følgjer av den elektroniske overvakinga. Ho og nokre andre kvinner som hadde møttest i Texas hausten 2002 alle vart stripa fem gonger før dei fekk forlata flyplassen i Texas.

Ein nyttilsett på flyplassen var så vennleg å forklara den eine av oss at boardingkorta våre hadde fem ekstra siffer som fortalde at vi skulle sjekkast spesielt. Overvaking av trafikkdata kan forklara korleis vi som kom frå så ulike land som Columbia, Bangladesh, India og Noreg skulle få same spesialbehandling. Vi hadde kommunisert på epost, tilhørde same nettverk, fortel Ås.

Forfattere Einar Økland kunne fortelja om korleis han på reiser utanlands hadde møtt representantar for utanlandske ambassadar som gav seg ut for å vera opposisjonelle og forventet at Økland skulle vera einig med dei.

Eg har aldri late meg lokka av slike invitasjonar, kanskje har eg gjort nokon urett. Men dei einaste eg har stolt på, er dei som skriv gode dikt, seier Økland.

Permanent innsynslov

Økland let sitt eige tvisyn komma tydeleg fram i diskusjonen om ei permanent innsynslov.

Eg er einig i at ei permanent innsynslov ville vera eit framsteg, men eg trur ikkje på at dette feltet let seg lovregulera. Dersom eg nokon gong kom i ein ansvarleg posisjon, vil eg sannsynlegvis også driva overvaking, sjølv om eg ville overvaka andre enn dei som i dag blir overvaka, seier forfattaren. Eg ser også at redsla for overvaking i seg sjølv verkar negativt. Ryktet om overvaking kan verka sterkare enn sjølve overvaking, legg han til.

Juristen Jens Petter Berg argumenterte for at ei permanent mappeinnsynslov vil vera det beste tiltaket for å gi innbyggjarane rettstryggleik.

Eit viktig element i ei slik lov må vera at alle som har vore utsett for kommunikasjonskontroll må få rett til innsyn når etterforskinga er avslutta, til dømes kan Politiets sikkerhetstjeneste (PST) påleggjast å informera etter tre år. Og for at ikkje dette skal bli heilt illusorisk, må PST ikkje ha lov til å overvaka i det uendelege, seier Berg. Han understrekar at det også trengst eit kontrollorgan for dei hemmelege tenestene, at dei gruppene som er mest i dei hemmelege tenestene sitt søkelys, anten det er MC-miljø eller politiske grupperingar, bør vera representerte i kontrollorganet, anten direkte eller indirekte.

Men eg er redd det å få eit forbetra kontrollorgan kan vera enda vanskelegare enn å få ei permanent innsynslov, seier Berg.

Send mappa di til Riksarkivet!

På styremøte i OPO 29. november 2002 ble det vedtatt å anbefale at folk som får ut mapper fra Innsynsutvalget, etterhvert sender inn disse (eller kopi) til Riksarkivet.

Vi viser til flere begrunnelser for dette som du finner på ["Historie"-sida](#) vår. Se f.eks. artikkelen til riksarkivar John Herstad i *Aftenposten* 26. april 2000: "POTs arkiver må ikke slettes."

Styret mener at situasjonen med hensyn til avlevering både av POTs og Innsynsutvalgets arkiver til det offentlige arkivverket er så uklar at vi må bidra med det grannet vi har til framtidige generasjoner. Vi er kjent med at Riksarkivet allerede har mottatt en del mapper.

I Riksarkivet vil materialet omfattes av personvernbestemmelser som i praksis gjør det umulig for andre å få tilgang, annet enn evt. for forskningsformål, og da etter streng søknad, med anonymiseringsplikt osv. Du kan evt. ringe 22 02 26 00 og spørre nærmere om dette hvis du ønsker detaljer.

**Adressa til Riksarkivet er:
Postboks 4013 Ullevål hageby, 0806 Oslo**

ULOVLIG OVERVÅKING

Aksjon for krav om unnskyldning

På initiativ fra blant andre Åge Fjeld har arbeidsutvalget sendt nedenstående oppropstekst til en rekke profilerte personer i det norske samfunnet, fortrinnsvis til mennesker som ikke allerede er solid plassert på venstresida.

Støtt anmodningen om beklagelse!

Etter at Lundkommisjonen brøytet veg og de ulovlige POT-mappenes innhold ble kjent, er mye sårende urett mot uskyldige mennesker kommet for dagen. Mappene og andre dokumentasjoner bekrefter at det ikke har vært noen objektiv grunn til denne omfattende politiske forfølgelsen av titusener samvittighetsfulle norske borgere, som slik fikk sine liv forringet. Noen hundre har fått en symbolsk økonomisk erstatning som en bekreftelse på begått urett. De forurettede har for lengst gjennom Organisasjonen mot politisk overvåking (OPO) stilt et beskjedent krav om en offentlig beklagelse av denne sårende uretten, og 12 blant de gjenlevende av de aktive frihetskjemperne fra okkupasjonsårene har nylig sendt en tilsvarende henvendelse til vårt Storting. Undertegnede støtter fullt opp om dette kravet som et nødvendig ledd i en verdig avslutning av dette triste kapitlet i vår historie.

Per 14. desember hadde følgende sendt inn sin underskrift:

Tidligere lagtingspresident Gunnar Skaug
Tidligere ledere av Norsk Forfatterforening Ebba Haslund, Karsten Alnæs og Thorvald Steen
Tidligere stortingsrepresentanter Berit Ås (professor emeritus) og Gunnar Garbo
Forlagsdirektør William Nygaard
Forfatteren Edvard Hoem
Advokat Harald Stabell
Leder av Norges Fredsråd Fredrik S Heffermehl
Professor emeritus Eva Nordland
Stipendiat/homoaktivist Kim Friele

AU venter å få inn flere underskrifter i løpet av desember.

Opprop med underskrifter vil bli lagt fram når vi etter planen møter lederen for Stortingets kontroll- og konstitusjonskomite, Aagot Valle i januar.

Årsmøte 2004

OPO avholder sitt årsmøte *tirsdag 27. januar 2004 kl 17.00*

Sted: Bygningsarbeidersnes hus, Møllergata 37, 10. etg. (Det går heis til 9. etg.)

Til behandling:

1. Styrets årsmelding, se nedenfor.
2. Regnskap og forslag til budsjett, legges fram på møtet
3. Fastsetting av kontingent
4. Valg av styre
5. Valg av revisorer

Medlemmer som ønsker at andre saker skal tas opp til behandling, må melde dem til styret innen 15. januar 2004

Årsmelding 2003 for OPO Organisasjonen mot politisk overvåking

1. Årsmøtet.

OPO ble stifta på et møte i Oslo 28. november 2001. Det første ordinære årsmøtet 20. januar 2003 valgte dette styret:

Erling Folkvord, Oslo (leder), Unni Hagen, Oslo, Wenche Blomberg, Oslo, Geir Hovland, Moss, Mari Aasen, Oslo, Åge Fjeld, Moss, Kjell Bygstad, Spydeberg, Peder Martin Lysestøl, Trondheim, Berit Rusten, Trondheim, Birger Nymo, Oslo, Ellinor Bjarkøy, Oslo og Ola Lars Andresen, Oslo.

Varamedlemmer: Reidar T. Larsen, Oslo, Torgny Hasås, Oslo, Fredrik Kristensen, Oslo, Rune Pedersen, Moss, Liisa-Ravna Finbog, Oslo (vara for Birger Nymo), og Ivar Nygaard, Oslo.

De som ble valgt som arbeidsutvalg er: Wenche Blomberg, Erling Folkvord, Unni Hagen, Geir Hovland og Mari Aasen.

Eigil Norli og Dag Tangen ble gjenvalgt som revisorer.

Valgkomiteen før årsmøtet var Ola Lars Andresen, Ivar Nygaard og Unni Hagen.

Årsmøtet fattet ikke vedtak om videre arbeid, men i årsmøtereferatet er bl.a. dette nevnt fra innledning og debatt om arbeidet framover:

- Et langsiktig arbeid for en permanent innsynslov
- Krav om en fast ordning med nedgradering av opplysninger innsamlet av de hemmelige tjenestene.
- Utvidet innsynsrett for nær familie
- Rett til innsyn i militære arkiver
- Kortere saksbehandlingstid i innsynsutvalget, styrking av bemanningen.
- Krav om midler til juridisk bistand til søknader om innsyn og krav om erstatning.
- Nærmere søkelys på samarbeidet med andre lands tjenester, som Mossad og CIA.

Det ble også pekt på at vi må engasjere ungdommen i arbeidet vårt. Det foregår utvilsomt utstrakt overvåking av unge aktivister som demonstrerer mot globaliseringen. Her ble det foreslått å benytte anti-krigs demonstrasjonene 15.02 til å spre opplysning om arbeidet vårt.

2. Styremøter

I 2003 har det vært tre styremøter: 14. mars, 20. juni og 9. desember.

Ellinor Bjarkøy ba av velferdsgrunner om å bli fritatt fra vervet i styret. Dette ble godkjent i styremøte 20. juni. Varamedlem Reidar Larsen rykket opp som fast styremedlem, men han sa fra at det ville bli vanskelig å fungere som fullt styremedlem på grunn av flytting til Lillehammer. Vararepresentantene har vært innkalt til styremøtene. Styremøtet 14. mars vedtok at styremøtene er åpne for medlemmer.

3. Arbeidsutvalget

Arbeidsutvalget har hatt 14 møter (fram til 9.12.03). AU har fordelt arbeidsoppgavene seg i mellom og konstituert seg med Wenche Blomberg som nestleder. Arbeidet med å sende ut medlemsbulletin har blitt fordelt mellom AU-medlemmene. En rekke henvendelser om råd og hjelp med enkeltsaker hos Innsynsutvalget har blitt drøfta og så fulgt opp av Geir Hovland.

4. OPO har fått eget kontor.

Fra og med juni har OPO fått anledning til å leie kontorplass og møterom i lokalene hos Falken Forlag i Osterhausgata 8. OPO-medlem Kjell Horn har tatt på seg å være på kontoret noen timer hver uke på dugnadsbasis. Han har deltatt på AU-møter med tale- og forslagsrett. Sammen med Mari Aasen har han fått ordna medlemsarkivet slik at det nå finnes i elektronisk form. Dette gjør bl.a. postutsending mye enklere.

OPO har per 1. desember 278 medlemmer, hvorav 218 har betalt kontingenten for 2003. Det var 183 betalende medlemmer i 2002.

5. Forholdet til justisdepartementet

Justisdepartementet har avslått OPOs søknader om driftsstøtte for 2003 og om økonomisk støtte i 2003 til å yte rettshjelp i forbindelse med innsynssøknader og klagebehandling.

Søknader for 2004 er avsendt men ikke besvart.

Justisminister Odd Einar Dørum har så langt bare gitt utflytende svar på OPOs utfordring til han etter at han på Globaliseringskonferansen i Oslo 2002 forsvarte overvåking og forfølgelse av NKP-medlemmer. Siste ord så langt var et innlegg i Dagbladet 21.november fra OPO v/ nestleder Wenche Blomberg.

6. Kontakt med stortingspolitikere og partier

Som en oppfølging av initiativet fra 12 motstandsfolk (se pkt.7 nedenfor) har vi prøvd å få til et møte mellom de 12 og stortingsrepresentanter. Det ser nå ut til at et slikt møte kan bli gjennomført tidlig i 2004.

7. Noen viktige saker

- **Initiativet fra 12 motstandsfolk.** Med Åge Fjeld som pådriver har 12 blant de personene som deltok aktivt i NKPs motstandskamp mot naziokkupasjonen fram til mai 1945, krevd å få ei uforbeholden unnskyldning fra Stortinget for den politiske forfølgninga de ble utsatt for da krigen var slutt. Kravet er formulert slik at det gjelder unnskyldning for all ulovlig overvåking. Dette initiativet ble omtalt i Friheten 29. august og fulgt opp med en reportasje i Dagbladet i november. Et støtteopprop til Stortinget har så langt fått støtte bl.a. fra tidligere lagtingspresident Gunnar Skaug (Ap) og forlagsdirektør William Nygaard.

- OPO-seksjon i 1. mai-toget i Oslo.

For første gang var det egen OPO-seksjon i 1.mai-toget i Oslo, med en drøy håndfull personer bak et svært synlig banner med teksten: *Organisasjonen mot politisk overvåking: STOPP REGISTRERINGA AV DEMO-DELTAKERE, DØRUM*, og dessuten håndplakater med teksten: *Når skal du si "unnskyld", Dørum?"*

- Overvåking av samiske miljøer.

Liisa-Ravna Finbog og Birger Nymo deltok på et AU-møte og Liisa-Ravna orienterte også på styremøtet 20. juni og la fram opplysninger og erfaringer om den politiske overvåkinga av samiske miljøer. I OPO-sammenheng er dette et arbeid som bare så vidt er påbegynt. Det er grunnlag for samarbeid med samiske organisasjoner. Styret mener det i 2004 vil være riktig å bruke noe ressurser på å dekke reiseutgifter for å utvikle dette arbeidet.

- Åpent møte 22. september.

I samarbeid med Norsk Forfattersentrum arrangerte OPO 22. september et åpent møte med temaet *Ytringsfrihet og overvåking i en terrorfiksert tid*. Innledere var Per Inge Østmoen (Elektronbisk Forpost Norge), Jens Petter Berg (Institutt for rettsinformatikk), professor Berit Ås, forfatter Einar Økland og OPOs nestleder Wenche Blomberg. Referat fra møtet er på OPOs heimeside: <http://home.no.net/overvak/forfatter-opo-sept2003.htm>

- Høringsuttalelse og seminar om NOU-utredninga om Rikets sikkerhet.

21. desember 2001 nedsatte regjeringa et utvalg ledet av høyesterettsdommer Ketil Lund for å utrede spørsmål rundt *Rikets sikkerhet*. Utredningas tittel er: *NOU 2003: 18 Rikets sikkerhet Straffelovkommisjonens delutredning VIII*. Regjeringa hadde blant annet gitt utvalget i mandat å:

"gjennomgå reglene i straffeloven kapittel 8, reglene om forbrytelser mot Norges statsforfatning i straffeloven kapittel 9, militær straffelov tredje del (krigsartikler) samt lov 18. august 1914 nr. 3 om forsvarshemmeligheter og utarbeide et forslag til ny, tidsmessig lovgivning. (...) Utvalget skal videre vurdere om det er behov for å endre reglene om etterforskningsmetoder for de aktuelle typer av forbrytelser og/eller for saker om terrorisme".

OPO er høringsinstans og høringsfristen er 15. januar. Bruken – eller misbruken – av begrepet "terrorisme" står sentralt. I tillegg til styrebehandling i desember har OPO tatt initiativ til et seminar om disse spørsmåla 5. januar 2004 i samarbeid med Institutt for kriminologi.

Hele utredningen fra Lund-utvalget finnes på internett på denne adressa:

<http://odin.dep.no/jd/norsk/publ/utredninger/NOU/012001-020025/index-dok000-b-n-a.html>

- "Et liv mellom to permer" - et dokumentasjonsprosjekt.

Journalist Tuva Raanes, som er OPO-medlem, har kontakta OPO og ønsker å intervju personer fra ulike miljøer slik at de kan beskrive hvordan den politiske overvåkinga har virket inn i den enkeltes liv. Hennes ide er å lage ti portretter av mennesker som alle har vært politisk aktive i Norge fra 1930 og frem til i dag. Arbeidet med dette er påbegynt.

- Hvordan vi ble lurt til å tro at alt ble annerledes etter 1977

AU arbeidet første halvår mye med å påvise det politiske dobbeltspillet rundt avgrensinga av innsynsretten etter 1977. Dette var hovedtema på styremøtet 20. juni. Materiale om dette er lagt ut på OPOs heimeside på nettet. <http://home.no.net/overvak/1977-dobbeltspill.htm>

8. OPOs heimeside på nettet.

OPOs heimeside på nettet (<http://home.no.net/overvak/>) redigeres av Wenche Blomberg med sakkyndig teknisk hjelp fra OPO-støttespiller Gudmund Dalsbø. Dermed har OPO sitt eget massemedium, noe som er svært viktig i ei tid da "våre" saker sjelden når fram i aviser og andre media. Fra starten 3. juli 2002 og til 14. desember 2003 har heimesida blitt besøkt eller brukt 2 942 ganger.

9. Oppsummering.

I nyhetsinnslag på radio og i dagsrevyinnslag 29. november 2003 ga Innsynsutvalget inntrykk av at noe av OPOs argumentasjon har fått et visst gjennomslag. Utvalgsleder Anne Marie Stoltz sa at utvalget, når deres arbeid er avslutta, kommer til å anbefale en permanent innsynsordning for de overvåkede som også skal omfatte den overvåking som pågår i dag. Hun ble ikke spurt om hva dette betyr og hvilke unntak som skal gjelde.

Arbeidet i OPOs styre og arbeidsutvalg har gått på det jevne. Opprettinga av kontor med fast kontorist på dugnadsbasis, gjør det lettere å utvikle OPO videre. Årsmøtets påpeking av at vi "*må engasjere ungdommen i arbeidet vårt*" og av at "*det foregår utvilsomt utstrakt overvåking av unge aktivister som demonstrerer mot globaliseringen*", er kanskje det viktigste av punktene der vi så langt har utretta lite. OPO har fått flere medlemmer, men ikke så stor medlemstallsøkning som styret tok sikte på.

Arbeidet med den nye utredningen om "Rikets sikkerhet" og de lovendringene som regjeringa trolig foreslår i etterkant, kan snu på dette. Hvis OPO lykkes med å få fram hva dette handler om, kan vi knytte sammen framtidens arbeid for å forsvare demokratiske og politiske rettigheter med de innsynkravene for den nære fortida som var grunnlaget for opprettinga av OPO.